

Tommy Bårdsen

Reikeråsvegen 198

5913 Eikangervåg

Eikangervåg, 19 februar 2022

Alver Kommune

Landbrukskontoret

Klage på avkorting av avløysartilskot 2021

Eg såg no i vedtaksbrevet at eg har oppgjeve feil beløp i a-meldinga for avløysartilskot. Eg kan ikkje anna enn å innrømme det, Ja eg har gjort ein tabbe som eg dessverre ikkje såg før vedtaksbrevet kom. Min tabbe var at eg dessverre såg etter beløpet på feil papir i permen min, og brukte dermed beløpet for fjorårets tilskot som grunnlag. Der lyste det avløysartilskot kr 17427 mot meg, og eg tok dermed som god fisk at det var dette som var gjeldande. Kvitteringa etter innleveringa var dessverre ikkje lesande då noko gjekk feil med utskrifta.

Etterregistrering av opplysningar er ikkje noko eg ser for meg er aktuelt for meg. Eg søker kvart år om det eg kan få tildelt, og reknar med at når det er gjort treng eg ikkje søkje om ytterlegare. Eg har god hjelp i å få kvardagen til å gå rundt, og unnar hjelpa mi det eg får ut i avløysartilskot. Den summen er satt, så det vert å rekna som fastlønn for hjelpa mi. Timelønna vert ikkje stor uansett i høve til antal timar eg har hjelp.

Med tanke på økonomien i dette jordiske ser jo alle at dette ikkje er noko gullgruve med alle auka utgifter dei seinare åra, seinast no med kunstgjødsel, straum og diesel. Me er vel einaste yrkesgruppe som ikkje kan gjera noko for å auka inntekta vår på garden då pris på produkt og tilskot vert sett overordna oss. Einaste måten me kan bidra, vert å få større del av inntekta utanfor garden. Det vert jo litt feil då å «takke nei» til gardsinntekt, og jobbe desto meire ute for å dekke inn utgifter med drifta.

I dette tilfellet vil eg seie at eg ikkje har gjort noko uaktsamt for å tilegne meg meire enn eg har rett på i utgangspunktet. Eg har gjort ein feil, det er innlysande, for summen står på vektaksbrevet og ikkje søknadsbrevet. Hadde eg hatt rett papir føre meg, hadde eg sjølv sagt gått ut frå kr 21690,- som står på det og ikkje 17427,- som står på det eg såg på. Eg vil vidare seie at alle kan gjere ein feil, men alle bør då få mogelegheten til å rette opp i den når det viser seg at slik er skjedd. I dette tilfellet saknar eg ei tilbakemeding frå landbrukskontoret då de såg at dette var feil. For min del hadde det då vore fort gjort å sende endringsmelding på a-meldinga så dette hadde vorte retta.

Viser til brev frå dykk der det står at *«føremålet med kontroll er at den skal virka skjerpande og rettleiande for føretaket. Dette for å sikra at rette opplysningar vert ført i søknadskjema og at det vert utbetalt riktig tilskot»*

I dett tilfellet saknar eg det rettleiande. Eg har ikkje krevd meire enn det eg har krav på, men tatt fjorårstalet ved ein tabbe. Ei tilbakemelding hadde ordna opp i dette same kvelden i staden for avkorting som gjer djupt innhogg i driftsøkonomien.

Håpar med dette på at min klage vert tatt til følgje så hjelpa mi får litt meire takk for hjelpa og ikkje berre føler at det er dugnadsarbeide for meg.

Mvh

Tommy Bårdsen